

Referat informasjonsmøte SFO 16.september 2026

Base 1 (1.klasse)- Er i romma med 1.klasse.

Base 2 (2-4.klasse)– Er i kjeller i b-bygget.

SFO = skule **FRITIDS** ordning. Opptatt av at barna skal få velja sjølv kva dei vil gjera. Elevmedverknad.

Totalt 153 barn på sfo. 17 tilsette. Me har 15 barn pr. vaksen.

Opningstida er kl.7.15-16.00 alle dagar SFO har ope.

Morgon sfo 7.15-8.30 på base 1. Frukost fram til kl. 8.00. Kom i god tid før det om barnet skal ha frukost. Utetid ca 8.10-8.30. Ingen vert etterlyst på morgon sfo. Me kryssar dei som kjem, inn i visma fram til kl 8.00. Dei som ikkje har morgon sfo må vente ute med sekken på til det ringer inn.

Rutinar ettermiddags sfo:

Innkryss- Lærarane les opp, via visma systemet, og sender barna til sfo basane. Fint om de legg inn endring for dagen i god tid før skuleslutt, helst før kl 11.00. Me tek ei kontroll teljing når dei har kome på sfo, for å sjekke at me har alle som skal på sfo på plass. Barna kan då velje kva dei vil gjera, om dei vil vera ute eller inne. I tillegg vil det vera dagar med ekstra aktivitetar dei kan delta på om dei vil.

Mat i Restaurant Matglede - Base 1 startar med mat rett etter skulen. Så et dei andre etter kvart. Me har fokus på matsvinn, og ete opp det me forsyner oss med.

Aktivitetar - får tilbod om ulike aktivitetar i løpet av veka. Eks gym, dans, musikk, 3-4.klasseklubb, bingo, male, lage aktivitet og liknande. Legg ut aktivitetsplan kvar mnd på heimesida.

Husk å gi beskjed i god tid om det vert endringar for dagen. Om barna skal vera med andre heim eller om nokon andre skal hente. Eller om dei skal delta på noko anna f.eks dans, korps ol. som ikkje er i regi av sfo. Beskjeder sendes via visma appen under dagen i dag i god tid før barna skal sendes, Ikkje send melding til dei tilsette. De kan og sende SMS til sfo telefonen.

Garderobe: Husk å merk **alle** klede med namn. Då kan me leggja kleda i hylla/skapet. Base 1 har same garderobeplass som i skulen. Barna frå base 2 må ta med seg det dei treng når dei går frå skulen. Me gjer så godt me kan med å sjekke at dei får med seg alle tinga sine, og me minner dei om yttertøy. Om de saknar noko er det fint om de sjølv kjem innom for å leite.

Smartklokker skal vera i sekken og på skulemodus/avslått heile skule/sfo dagen. Dei kan slås på når barnet har gått ut fra skuleområdet.

Ferier og fridagar: Sender dette ut via visma flyt skole, får det på mail. Treng vite kor mange som kjem for å kunne planlegge personalet, mat og aktivitetar. Om de ikkje svarar på skjemaet planlegg eg utfrå at barnet ditt ikkje kjem. Etter svarfristen kan de sende mail dersom det vert endringar på ferieoppsettet. Fint om de skriv, som ein kommentar, kva klokkeslett som skal gjelde i feriane. Om ikkje, tek me utgangspunkt i dei klokkesletta som er til vanleg. Me etterlyser barn som ikkje har kome etter kl 9.30. Ber om at de gir oss beskjed så snart de veit om endringar på den oppsette planen. Tips: ta ein skjermdump av oppsettet før du sender det inn. Treng ikkje ha med mat. Frukost som vanleg, mat i restauranten ca kl 11.00 og litt frukt i 14 tida. Aktivitetsplan for feriane vert lagt ut på heimesida i forkant. Lurt å ha med ei flaske med vatn i hylla.

4.planleggingsdagar: 2 i august, 13.november og 30.mars.

Oppseiing/ending av dagar: Er 2 mnd oppseiingstid frå den 1. i kvar mnd. Alle har sfo plassen ut 4.klasse eller til den blir sagt opp. Gratis kjernetid 1-3.klasse.

SFO har nasjonal Rammeplan. Time kommune har eigen kvalitetsplan og me på Frøyland sfo utarbeidar ein handlingsplan. I år har me ekstra fokus på trivsel og tryggleik.

Husk å abonner på nyheiter til SFO på heimesida til skulen. All info vert lagt ut der.

Mvh

Olaug Iren Lode, SFO leiar